



Vår dato:

12.12.2023

Vår ref:

2022/11911

Dykkar dato:

20.11.2023

Dykkar ref:

2022/3999

KARMØY KOMMUNE
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar
Aurora Skimmeland, 51568708

Klage på vedtak- dispensasjon - Karmøy 50/13 - temporær brygge Austre Karmøyveg 870 - Jarl Olav Torkelsen

Vi viser til kommunens oversendelse av 20.11.2023

Statsforvaltaren i Rogaland klagar på Karmøy kommune sitt vedtak om å gi dispensasjon til oppføring av temporær brygge. Tiltaket er i strid med plan- og bygningslova § 1-8 og LNF-føremålet i kommuneplanen.

Bakgrunn for saka

Det blei søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og ifrå byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Brygga det vert søkt om er om lag 8 m², og ligg i tilknyting til allereie oppført naust. Brygga vert brukt til fortøyning av ein båt og plassering av eit lite akvarium. Brygga nyttast berre om sommaren, og plankar blir fjerna når sesongen er over. Det blir vidare peika på at det på grunn av terrenget er veldig vanskeleg å komme trygt om bord i båten, og at brygga difor er viktig med tanke på HMS for å forhindra ulykker. Brygga består av armeringsjern som er bora fast i fjellet, desse står heile året. Vidare består brygga av plank, som berre er montert på om sommaren. Statsforvaltaren fekk saka på høyring, og i vår uttale av 09.11.2022 rådde me ifrå at det vart gitt dispensasjon som omsøkt.

Kommunen ga i vedtak av 26.05.2023 avslag på søknaden. Vedtaket blei påklaga av søker. I klaga peika han på at:

- *Grunnet bryggens plassering i bratt terren begrenses ikke ferdsel langs sjøen.*
- *Bryggen er liten og kan ikke ha vesentlig virkning på hensynene som nevnes i avslaget. Videre mener klager at kommunen her bruker alt for mye tid på en «fillesak».*
- *Kommunens behandling av tiltak og søknader på 50/13 oppleves som sterkt urimelig sammenlignet med naboeiendommen.*
- *Ikke informert/feilinformert om kostnader for et avslag.*

Kommunalsjef teknisk fremma forslag om å ikkje ta klagen til følgje, og at vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 ikkje var oppfylt.



Hovedutvalg teknisk og miljø behandlet klage i møte 14.11.2023. De fattet følgende vedtak:
«HTM gir dispensasjon fra PBLs § 1-8 og 12-4 etter medhold i samme lovs § 19-2 slik at omsøkte brygge tillates.

Bakgrunn for dispensasjon.

Omsøkte tiltak ligger i LNF område, i kommunens markslagskart vist som bebygd.
HTM kan her ikke se at hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv og naturområder blir vesentlig berørt.

Omsøkte sted er ikke et naturlig sted å gå tur, da det ikke er mulig å bevege seg videre langs stranden pga. bratt fjell i sjøkanten.

Allmenhetens mulighet til å benytte stedet berøres ikke av omsøkte brygge. Landbruksinteresser berøres ikke.

Uttalelse fra Fylkesdirektøren: Brygga er forholdsvis liten og fra et kulturverperspektiv vurderes den å ha begrenset virkning i kulturmiljøet.

Uttalelse fra naturforvalter: Så sant brygga ikke utvides mer på sikt, ser jeg ingen store problemer med dette.

NML berøres ikke av omsøkte brygge.

HTM kan her ikke se at bestemmelsen det dispenseres fra er tilsidesatt i vesentlig grad.
Fellesskapets interesser ansees ikke negativt berørt og etter en samlet vurdering mener HTM at fordelene er vesentlig større enn ulempene om dispensasjon gies.

Basert på ovenstående og befaring på stedet, finner HTM betingelsene for å gi dispensasjon etter PBLs § 19-2 er oppfylt.»

Saka blei oversendt Statsforvaltaren i Rogaland og dagsett 20.11.2023. Etter § 1-9 i plan- og bygningslova kan statlege organ klage på enkeltvedtak som etter lova gjeld vedkomande styresmakt sitt saksområde. I denne saka er det ikkje tvil om at kommunen sitt vedtak vedkjem Statsforvaltaren sin sektorinteresse knytt til ivaretakelse av strandsoneomsyna i plan- og bygningslova §1-8.

Etter § 29 i forvaltningslova er fristen for klage 3 veker frå det tidspunktet melding om vedtaket er kome fram til vedkomande part. Klagen er difor sett fram innan fristen.

Grunngjeving for klage

Me syner til vår tidlegare uttale i saken, datert 09.11.2022, kor me blant anna skreiv:

«Først vil me påpeike at det her er tale om ei brygge, og ikkje ei midlertidig eller temporær brygge slik som tiltakshavar og kommunen viser til. Me oppfordrar kommunen til å halde seg til definisjonar som angitt i lova og ikkje lage eigne definisjonar av brygger og andre byggverk. Dette svekker rettstryggleiken til tiltakshavar, og er uheldig for sakshandsaminga.

Sjølv om brygga tas ned om vinteren, vil den komme i strid med gjeldande kommuneplan sitt føremål, som er LNF-føremål. Den vil også like mykje som ei brygge som blir brukt heile året vere i strid med byggefobodet i plan- og bygningsloven § 1-8. Det er slik me kan sjå det kanskje spesielt i sommarhalvåret at strandsonevernet i pbl. § 1-8 gjer seg gjeldande, av di det er då ølmenta i større grad



vil oppsøke strandsona og nyte friluftslivet, og slik privatisering vil føre til å redusere den frie ferdsla i strandsona. Me er av den klare oppfatning av at omsynet bak føresegna blir vesentleg tilsidesett i denne konkrete saka. Det er difor ikkje naudsynt å gå vidare i dispensasjonsvurderinga for å vurdera om fordelane er større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Me vil på bakgrunn av dei ovannemnde vurderingane rá ifrå at det blir gitt dispensasjon til oppføring av omsøkt brygge, då den er i strid med både LNF-føremålet i kommuneplanen og ikkje minst byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8.»

Statsforvaltaren står ved vurderingane frå uttalen, og vil med dette som grunnlag klage på vedtaket til Karmøy kommune. I tillegg har Statsforvaltaren følgjande supplerande merknader:

- Når kommunen i kommuneplanen har avsett det aktuelle område til LNF område, og det også gjeld eit byggeforbod i 100-metersbeltet, har kommunen allereie vurdert tiltenkt utbygging i området. Vi viser til at dersom kommunen ønskjer å legge til rette for utbygging av private brygger/kaianlegg slik at eigare av fritidsbustader nær sjøen betre kan utnytte eigendommane sine, så bør dette i all hovudsak skje gjennom plan. På denne måten sikrar kommunen ein kontrollert utbygging av strandsona i samsvar med nasjonale føringer.
- Karmøy kommune er gjennom Statlege planrettningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø definert som ein kommune kor presset på areala er stor (sone 2). Sett i samanheng med desse retningslinjene skal byggeforbodet her praktiserast strengt, og ein skal unngå dispensasjoner. Det skal leggjast vekt på å oppnå god tilgjengeleghet i strandsona.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane gitt i uttalen, og tilleggsargumenta over, klager Statsforvaltaren på Karmøy kommune sitt vedtak av 14.11.2023 om å gje dispensasjon til oppføring av brygge på gnr.50/bnr.13 i Karmøy. Vedtaket er i strid med plan- og bygningslova § 1-8 og LNF- føremålet i kommuneplanen.

Me ber om at Utval for teknisk og miljø sitt vedtak av 14.11.2023 blir gjort om. Dersom vedtaket ikkje blir endra, ber me om at saka blir sendt Statsforvaltaren i Rogaland for eventuell oversending til klageinstans.

Med helsing

Lone Merethe Solheim (e.f.)
ass. statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger